



Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ KD

Dato: 07.02.2022

Arkivk.: lk/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 05 I LANGRENNSKOMITEEN, 2021-2023

Stad: Digitalt via Microsoft Teams
Tidspunkt: Måndag 7. februar 2022, kl. 20.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 32 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 33 21-23 Godkjenning av protokoll LK møte nr. 04 21-23

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 34 21-23 Terminlista 21/22
SAK 35 21-23 Tiltak i handlingsplanen
SAK 36 21-23 Kong Haralds Ungdomsstafett 2022
SAK 37 21-23 Post 3 midlar frå NSF

EVENTUELT

TIL STADES: Tor Arne Hov, Eline Orheim, Laila Bosdal-Thorsen, Torstein Blikra, og Kennet Dvergedal (adm)

FORFALL: Sveinung Pile

MERKNADER:

REFERENT: Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 32 21-23 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenn innkalling og sakliste.

SAK 33 21-23

Godkjenning av protokoll LK møte nr. 04 21-23

Bakgrunn

Protokoll LK møte nr. 4 21-23 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenn protokoll LK møte nr. 4 21-23

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 34 21-23

Terminlista 21/22

Bakgrunn

Grunna snømangel, koronasituasjonen og flytting av Norgescup renn for junior, er det renn i SSF Cupen og Krinsmeisterskap som ikkje har blitt avvikla.

Langrennskomiteen vert orientert om gjennomførte krinsrenn og nasjonale renn for junior og senior. Etter SSF Cup Hodlekverrennet, Sogndal IL, dukka det opp ei problemstilling kring ski utan feste og stakefrie soner.

Adm. orienterte om organisering for kommande nasjonale renn.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak om endringar i terminlista:

- KM Klassisk blir flytta til Førde IL/ Gaular IL søndag 20. Februar
- SSF Cup Klassisk blir flytta til Sogndal IL 5. Mars
- SSF Karusell Syril IL blir flytta til 12. Mars
- KM Sprint Klassisk blir flytta til Eid IL laurdag 19. Mars

Adm. henvender seg til aktuelle klubbar angående nytt oppsett.

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om å legge inn stakefrie soner på alle krinsrenn klassisk. Dette er vanleg praksis i nasjonale renn og er da viktig for utøvarar å få same praksis på regionale renn.

SAK 35 21-23

Tiltak i handlingsplanen

Bakgrunn

Vedtak frå sak 23 21-23 gjorde LK vedtak om å prioritere 3 tiltak denne sesongen:

”Langrennskomiteen drøfta tiltaka i handlingsplanen og gjer vedtak om å følgje opp 3 prioriterte tiltak i løpet av skisesongen 2021-22. Med tanke på koronasituasjonen kan det vere ekstra utfordrande å gjennomføre tiltaka denne sesongen, men langrennskomiteen ønsker likevel å gjere eit forsøk.”

Tiltak:

1. Fleire sprintrenn – lagsprint, sprint stafett i korte, lette løyper.
2. Bankett etter KM helg på Eid.
3. Alle utøvarar får smurning under skia før skirenn.



Tiltak 1 vart gjennomført laurdag 22. januar med sprintstafett på Langeland, arrangør var Gaular IL og Førde IL.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å gjennomføre tiltak «smurning under skia» til alle løparar under SSF Cup renn 6. mars, Sogndal IL. Dette er eit tiltak som var foreslått på haustmøte til skikrinsen før sesongen, som LK ønskjer å teste.

Bankett etter KM-helg blir utsett til neste sesong.

SAK 36 21-23

Kong Haralds Ungdomsstafett 2022

Bakgrunn

Kong Haralds Ungdomsstafett vert arrangert 6. Mars 2022, for dei beste 15- og 16 åringane i kvar klasse, i krinsen. Sogn og Fjordane Skikrins har meldt på 1 lag.

<https://www.skiforbundet.no/ungdomsstafetten/>

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om uttak til Kong Haralds Ungdomsstafett blir basert på stillinga i SSF Cupen 2022 etter Kleivanerennet 12. februar.

SAK 37 21-23

Post 3 midlar frå NSF

Bakgrunn

NSF Langrenn har halde av kr. 30 000,- i post 3 midlar som Sogn og Fjordane Skikrins kan søke om.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å søke om post 3 midlar til prosjekt vintersamling for krinslaget, og smurning under skia til SSF Cup. Adm. utarbeider søknad og sender NSF.

Neste møte i LK: 14. mars på teams kl. 20.00.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef